



*Mens frost og vintermørke rår, begynner kirkens nye år,  
og våre sinn skal være vendt mot lyset som på jord er tent. (Svein Ellingsen)*

Nr. 4

62. årgang

Julen 2021



## Juleandakt

Sjå, Guds bustad er hjå menneska  
(Johannes openberring 21:3)

Dette er juleevangeliet i kort format. Gud bur hjå oss. Gud kom då Jesus vart fødd og vart verande. Kvar nestekjærleg handling, kvar kyrkje, kvar ein døypt, kvar bøn som vart bedd, fortel om det.

### Kven eig gleða?

Det er jo lett, det er ingen, vil dei fleste svare. Likevel er det mange som vil selge oss gleða. No når det nærmar seg jul, er gleða ein viktig del av førebuingar og feiring. Eg gler meg verkeleg til jul! Eg planlegg og førebur heime og i kyrkjene og kosar meg med det, men ingen kan selge meg gleða, for ho kan ikkje kjøpast. Heldigvis.

Gleða er likevel truga, slik eg ser det. Gleða over reint vatn, frisk luft, trygg plass å bu og arbeide, element som er med på å gi meg glede – dei er truga – ikkje akkurat i Vang no, men mange stader på kloden i dag. Gleða er truga.

Gåva som skulle vere til alle, blir øydelagd.

FN har samla seg om dette tema: Me har fått bærekraftsmål. Desse handlar om å redde kloden vår, verda, heimen, naturen, greina me alle sit på. På FN-dagen i haust starta eg eit prosjekt der eg konkret inkluderer FN sine 17 bærekraftsmål i dei 17 neste søndagspreikene mine. Bærekraft og bibeltekstar er allereie eit spennande og lærerikt prosjekt.

Dette betyr at jula som eg er så glad i – både juleevangeliet, julesangane, maten, gåvene og alt det andre som gir glede – framleis skal gi glede, men ikkje for ein kvar pris. Ikkje viss eg er med på å bruke opp kloden og gledene som skulle vere til alle.

I fjor var julefeiringa prega av koronavirus, og me retta oss alle som best me kunne etter det me oppfatta som felles beste for alle. I år vil eg prøve å ha

bærekraftsmåla i fokus når eg handlar og planlegg for høgtida. Det er lettare å gjere slikt i lag. Blir du med? Kva om gåvene i år er kortreiste, sjølv laga, gjenbrukte eller gåver til gode formål? Det hadde vore spennande å prøve – og så sett om gleða var mindre eller større etterpå.

### Kva ønsker du deg til jul?

Eg ønsker meg reint vatn og frisk luft for alle – også i framtida.

### Ingebjørg Laugaland Sokneprest i Vang



Punkt nr. 6 frå FN's bærekraftsmål

#### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Kløykar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark  
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no  
Kontonr: 2146.60.18764  
Vipps 590297

#### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Kløykar: Solveig Heimlid  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevjerje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Ragni Almanning  
ragni.almanning@gmail.com  
Kontonr: 2146.30.09721  
Vipps 129651

#### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkryset

Kløykar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kontonr: 2146.60.04674  
Vipps 118656

#### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Kløykar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi  
Kyrkjevjerje: Andris Kjøs  
Soknerådsleiar:  
Marta Bjørnøy Lalim  
martalalim@gmail.com  
Kontonr: 2146.30.09969  
Vipps 544817

#### ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Kløykar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kyrkjevjerje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Torild Øye  
torild1707@gmail.com  
Kontonr: 2146.20.55304  
Vipps 118656

#### TILSETTE:

##### Sokneprest:

Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf: 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Presten har kontor på Drengestøga.  
Ta kontakt på telefon for avtale.

##### Kyrkjekontoret på Kløykarhaugen

Dagleg leiar: Guro Hovda  
e-post: gh575@kirken.no  
Sekretær: Jovita Budvytiene  
e-post: jb459@kirken.no  
Tlf: 61 36 95 90  
Kontortid: 08.30-15.30

##### Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

##### Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:

Nils Bjarne Wangensteen  
Tlf: 926 67 124  
Felles e-post:  
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 14, frist for innsending av tekst og bilder er 10. mars 2022. Bidrag sendes på epost til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)

Framsidedfoto: Fotograf Thor Østbye

### Tanker etter bispevisitasen

Jeg tenker at visitas er visiSTAS! Det er stas å få Hamar bispedømmes biskop på besøk. Nå har det gått noen uker siden visitasen, og jeg ser tilbake på mange fine samlinger sammen med biskop Solveig og hennes følge. Hun er en tilstedeværende og klok dame, som imponerte meg stadig. Vang fikk vist seg fram bra i regnværet, og hun hadde gode møter med ansatte, råd, skolen, elever, trosopplæring, kommunen og bygdefolket. Jeg synes vi ga henne et godt bilde av Vang og fikk utfordringer vi skal jobbe videre med, både i kirken og kommunen.

### Rydding på kirkegårdene

Vannet er slått av og redskap er rydda

vekk på kirkegårdene for vinteren. Snart ligger et hvitt teppe som skjuler minner fra sommeren. Hvis det ikke har kommet snø når du leser dette, så ta gjerne en tur på kirkegården og rydd vekk lykter og annen pynt som kan blåse utover og som fuglene kan ta med seg utover kirkegården. Hvis alle gjør en liten innsats, blir det fint for alle. Husk også å rydde vekk lysene du tenner i julehelga.

### Tilbakeblikk på året

Dette året har den største forandringen for kirkekontoret at vi har flytta til Klokkarhaugen. Her er det godt å være, det er sjel i veggene, og vi får ro i sinnet av utsikten mor Vangsmjøsa og hestene til Leif. Vi har også fått bedre



plass til Artur, Jovita og meg, så dette er vi fornøyd med! Så blir det spennende å se om vi må trekke i ullklær og filttøfler når kulda og vestavinden setter inn.

Jeg ønsker alle er riktig god jul og alt godt i det nye året!

Guro Hovda



## Julehelsing frå ordføraren

### God helse. Kva er god helse?

Professor Peter F. Hjort har laga denne definisjonen: «God helse har den som har evne og kapasitet til å mestre og tilpasse seg livets uunngåelige vanskeligheter og hverdagens krav.» Me er alle opptekne av helse i alle fasar av livet, me bekymrar oss, kjenner på smerte og me vil vere mest mogleg friske. Med Hjort si forklaring vil me altså kunne leve godt viss me har kapasitet, kan meistre kvardagen og er tilpassningsdyktige. Når me snakkar om helse, tenkjer me både på psykisk og fysisk helse, og at det heng tett i saman. Eg trur det gjeld å finne den rette balansen i livet sitt, og det er neimen ikkje lett. Alle menneske har dårlege dagar og kan kjenne på eit eller anna, men viss ein klarar å meistre dette og trass alt la det positive i livet få trumfe det negative, ja då kan ein ha eit godt liv.

Gode liv blir ikkje til av seg sjølv. Som det blir sagt, det skal ei heil bygd til for oppdra ein unge. Derfor har me alle eit ansvar i kvardagen og for å bry oss, vise omtanke, men også setje krav til kvarandre. I den koronatida me har vore inne i no, har dette verkeleg vorte

sett på prøve. Det har vore vanskeleg å vere nær kvarandre, kunne møtast sosialt og fått vise omsorg som me gjerne ville. La oss no etter pandemien bli enno flinkare til det som me både vil og kan: vere eit medmenneske.

Me er straks inne i julehøgtida, som for mange av oss er den beste tida på året. Forventning, spenning, overraskingar og glede over å få vere saman særpregar jule- og nyttårsfeiringa. Eg har for eksempel sett så mange glade augo på romjultreffet for dei mellom 19 og 30 år her i Vang. Augo som møter augo som dei kanskje ikkje sett på minst eit år, kanskje fleire år. Elevar som har vore i saman til kvar dag i barnehagen og skulen her i Vang og som då møtes att ei sjeldan gong. Det gjer godt å sjå. Møteplassar treng me alle å ha i alle aldrar. Takk til alle i Vang som legg til rette for desse møteplassane!

For eigen del er eg no midt inne i mi tredje periode som ordførar i Noregs beste kommune å vere ordførar i. Eg må snart velje om eg framleis ynskjer å arbeide politisk til det beste for alle som er glad i Vang. Andre har sikkert andre funderingar som krinsar oppe i

hovudet. Til dei som les dette og lurar på om dei skal velje ei framtid i Vang, vil eg si: Gjer det, du vil ikkje angre. Men for at Vang framleis skal bli ein trygg og velfungerande kommune å leve i treng, og for at bygda vår skal kunne utvikle seg vidare, treng me engasjement frå dykk alle. Eg vil oppfordre fleire til å engasjere seg også politisk, eg trur alle parti set pris på å få fleire medlemmer og gode diskusjonar på medlemsmøta. Slik blir det lagt ein grobotn for innovasjon, og me treng alle å finne dei gode løysingane no i det grøne skiftet.

Eg sluttar som eg starta, god helse er heilt avgjerande for gode liv. Me kan gjere ein stor innsats sjølv også ved å førebygge. Derfor oppfordrar eg alle som kan til å koma seg ut i vår vakre natur no i jule- og nyttårsfeiringa, og kanskje du møter ein fireåring, ei jente på nesten fem, som har kledd seg ut med masker og som går «julbukk åt et bæssmorhem».

Retteleg god jul til dykk alle!

Vidar Eltun  
Ordførar

## Min julesalme

Folkemusikk og gamle folketonar har fascinert meg siden jeg først fikk høre dem. Det var Bente Ingholm Hemsing og Kari Hagaseth som viste meg denne kilden til glede og historieforståelse. Jeg lærte gamle sanger i ei sanggruppe som kalte seg Purrebæadn. Der lærte vi vel først og fremst sanger og stubber som folk brukte i sin hverdag før i tida. Noen salmer ble det og, med gammel melodiføring.

Tidlig på 1990-tallet fikk jeg høre en CD på radio ... Juletid het den, og Kirsten Bråten Berg sang. Den CD'en har prega jula her hjemme siden. På plata er «I denne søte juletid» åpningsporet. H. A. Brorson skrev salma i 1772, tror jeg. Teksten er greit fortellende og melodien er mektig og allikevel så nær. Ja, den salma er Jula for meg. Så, God jul alle sammen.

Jan Sparstad



### I denne søte juletid

I denne søte juletid  
Bør man seg rett fornøye.  
Og bruke all sin kunst og flid  
Guds nåde at opphøye.  
Ved ham som er i krybben lagt,  
Vi vil av all vår sjelemakt  
I ånden oss forlyste.  
Din lov skal høres Frelsermann.  
Så vidt og bredt i verdens land  
At jorden skal ryste.

En liten sønn av Davids rot  
Som og er Gud tillike.  
For våre synders skyld forlot  
Sitt høye himmelrike.  
Det var Ham svart å tenke på  
At verden skulle undergå.  
Det skar ham i hans hjerte.  
I sådan hjertens kjærlighet,  
Han kom til oss på jorden ned  
At lindre all vår smerte.

Vår takk vi frem vil bære  
Enskjønt den er kun ringe.  
Hosianna og halleluja  
Skal allevegne klinge.  
Guds ark er kommet i vår leir.  
Ti synger vi om fred og seir.  
Mens hjertet må seg røre.  
Vi synger om den søte fred  
Så helvede skal skjelve ved  
Vår julesang å høre.

### \* ✨ Jul i kyrkjene i Vang ✨ \*

5. desember :

Heensåsen kyrkje kl. 19.00  
Lysmesse med konfirmantane  
ved sokneprest Laugaland  
og organist Budvytis. \*

10. desember :

Vang kyrkje kl. 19.00  
Konsert arrangert av  
Vinjerock \*

13. desember:

Høre stavkyrkje kl. 19.00  
Vi syng og spelar jula inn!  
Lokale musikk-krefter deltek. ✨

16. desember:

Vang kyrkje kl. 19.00  
Vi syng og spelar jula inn!  
\* Lokale musikk-krefter deltek.

17. desember \*

Vang kyrkje kl. 19.00  
Konsert med  
Veronika Kashina og vener

23. desember – Lille julaftan

Vangsheimen kl. 13.00  
Gudsteneste ved sokneprest  
Laugaland og organist  
Budvytis. \*

### Julaftan:

Øye kyrkje kl. 12.00  
Gudsteneste ✨

Høre stavkyrkje  
kl. 14.00  
Gudsteneste \*

Heensåsen kyrkje  
kl. 16.00 \*

### 1. Juledag

Høgtidsgudsteneste ved sokneprest  
Laugaland og organist  
Budvytis.

## Er koronatiden virkelig over?

I ca 1 ½ år har vi holdt oss hjemme, passet på å holde avstand når vi har dristet oss ut, vasket og spritet hender, hostet i albukroken og sett mistenksomt rundt oss for å se om noen omkring oss oppførte seg så det kunne være farlig for oss eller andre. Til og med munnbind har vi av og til iført oss. Og i Vang har vi jo vært utrolig flinke til å overholde alle regler, så det kunne gå oss godt og vi kunne fortsette å leve lenge i landet. Og flaks har vi også hatt, med et minimalt smittetrykk!

Noen har dristet seg til å be inn til arrangementer, med god tilpasning til gjeldende regelverk for medmenneskelig samkvem. F.eks. holdt Fjellblom musikklag koronatilpasset konsert 24. okt. 2020, i kommunens største lokale, med masse luft mellom bordene og mellom menneskene ved hvert bord, og hvert bord hadde egen oppvarter, iført munnbind og hansker. Og ingen var smittet ved ankomst, og ingen ble smittet under arrangementet. Og folk satt lydig på plassene sine og koste seg likevel ved å samles.

Nøyaktig ett år seinere holdt Fjell-blom igjen høstkoncert – og denne gang i god, gammel stil, med fullpakket samfunnssal på Åsvang, seks personer rundt hvert bord, selvbetjening av kaffe og deilige kaker, loddsalg ved bordene, høy stemning. Og alle menget seg med hverandre og trivdes ved å kunne være sammen som i «gamle» dager.

For ikke å snakke om musikken: korpset slo an tonen ved innmarsj til trommesolo ved dirigenten Odd Inge Bruflot, etterfulgt av fire musikkstykker i svingende rytmer. Her var det ikke mye som minte om 17. mai-marsjer, men mer om storband. Og det var tydelig at korpset likte seg! Og publikum likeså.

Det var annonsert med gjeste-opptredener. Dette viste seg å være Valdreskvelven Spel- og Dansarlag og deretter Jørgen Andrisson Kvam med solo-opptreden, til rungende applaus. Men korpset har også egne medlemmer med solist-kompetanse: Marit Karin Einang spilte solo til et av korpsets stykker. Alistair Peters spilte på piano et stykke av Sibelius og ett av Thomas Tellefsen, en lite kjent norsk komponist på 1800-tallet. Og Jostein Hillestad, akkompagnert av Alistair, fulgte opp med to innslag, deriblant en av de vakreste melodiene fra Les Miserables, On my own.

Det var trekning av mange flotte gevinster, og korpset avsluttet med bl.a. filmmusikk fra en James Bond-film og velkjente King of the Road.

Takk til Fjellblom musikklag som tok initiativ til å gjenopprette det normale samværet i Vang!

Er koronatiden virkelig snart over for oss? Vi håper virkelig det, for samlinger som denne trenger vi!

**PS:** Koronatiden er jo absolutt ikke over i Vang, men ingen ble smittet under dette arrangementet.


Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne  
Foto: Thor Østbye



Frå konserten 24. oktober 2020



Frå konserten 24. oktober 2021



## Bispevisitas i Vang

I slutten av september – i dagene omkring Mikkelsmess, for å holde seg til gamle merkedager – var biskop Solveig Fiske på visitas i Vang. Visitas betyr besøk, og dette besøket omfattet tre innholdsfulle dager, med tett pakket program både for biskop, prost, prest og følge.

Programmet spente vidt – fra bedriftsbesøk via aktivitetstilbud og trosopp-lærings tiltak for barn og unge til møte med ansatte, sokneråd og kommuneadministrasjon, og ikke minst forskjellige arrangementer i samtlige kirker. Det sentrale tema for visitasjonen var Møteplasser.

Søndagen etter, 3. oktober, ble visitasjonen avsluttet med festgudstjeneste i Vang kirke, med påfølgende kirkekaffe og visitasforedrag på VBU.

Dette var en høymesse i ordets aller mest egentlige forstand. Kirken var nesten fullsatt av barn og voksne. 4- og 6-åringene fikk utdelt kirkebok, og verdens mest sjarmerende barnekor sang under Jovita Budvytienes ledelse og til akkompagnement av Oddbjørn Skeie. 4. klassingen Falk Rogn gjorde tjeneste som ministrant og imponerte samtlige både med sin verdige fremtreden og sin innlevelse i tekstlesingen.


Selvfølger var messen lagt opp med tanke på barna. Ingebjørg holdt «barnepreken» med bl.a. skattejakt inne i kirken. Og biskopen fulgte opp med en preken over dagens tekst fra Joh. 7 og gjenvartet bl.a. en kjent fortelling fra

den lille Kristin Lavransdatters samtale med broder Edvin – en sentral skikkelse i denne kjente romanen. Hun fikk engasjert både barn og voksne i prekenen og flettet til og med inn at ei kyr hadde rautet parallelt med sangen – og i samme toneart – under kveldsmessen i Øye noen dager før.

Svært mange ble med til kirkekaffen på VBU etter messen, deriblant mange barn, som boltret seg inne i Vangshallen. Ingebjørg prest ønsket velkommen og fortalte om sin opplevelse av spenning og litt uro over å bli kikket i kortene under visitasjonen. Onsdagskafé-gjengen serverte kaffe, kringle og bløtkake fra Gerd Jægersborg, Vangskoret sang tre sanger under Arthur Budvytis' ledelse, og biskopen holdt sitt visitasforedrag. Først fortalte hun om sine inntrykk fra opplevelsene de tre dagene visitasjonen varte og takket for alt som var lagt til rette. Deretter gjennomgikk hun sine merknader, oppsummert i fem hovedpunkter, og med til sammen 12 tiltak som hun ba prest, sokneråd og fellelsråd arbeide med fremover.

Ordfører Vidar Eltun takket biskopen for besøket, med gode innspill til skjæringspunktet mellom kirke og kommune.

Til slutt takket prost Carl Philip Weiser for maten på sin kjente humoristiske måte. Men han nevnte også bl.a. at Ingebjørg ledet kirken i Vang videre i samme hovedretning som før, men med



noen andre virkemidler – og det er jo et viktig poeng i all utvikling.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevn  
Foto: Lena Jensen Rogn





## *Juleverkstad på VBU*

### ENDELEG!

I haust satsar Vang sokneråd på at vi kan ha juleverkstad att. Det blir på VBU rett etter «Lys vaken»-gudstenesta 1. søndag i advent, 28. november. Fyrst blir det servering av «kyrkjegraut» og kaffi, og så blir det som vanleg fleire stasjonar med juleaktivitetar. Hjarteleg velkomen til alle!



## Visitaforedraget

Visitasen vart som vanleg avslutta med eit visitasforedrag. Basert på opplysningar tilsendt frå Kyrkjeleg fellesråd og frå sokna, saman med inntrykka under sjølve visitasen, hadde biskopen ein oppsummering av stoda i kyrkja med ei omtale av kva for utfordringar kyrkja i Vang står overfor, og med framlegg til konkrete tiltak som kyrkja må jobbe vidare med.

Visitautfordringane var ordna etter dei fem hovudfokusområda i Hamar bispedøme sitt Måldokument og kan kort oppsummerast slik:

### Gudstenester og kyrkjelege handlingar

1) Å sjå nærare på kvart sokn sitt årshjul og lokale kyrkjeår, og om gudstenestetilbodet svarar til behova i befolkning og samfunnsliv

Dette handlar om at gudstenestelivet må følgje med endringar i tida, og det må vere lokalt forankra, samstundes som det skjer ei god involvering av enkeltmenneske, lag og foreiningar.

2) Å utarbeide ei lokal plan for kyrkje-musikk

Dette handlar om at sokneråda har eit overordna ansvar for å vedta retninga for kyrkjemusikalsk verksemd i nær dialog med kyrkjemusikar og andre tilsette. Samarbeid med lokale musikk- og kulturkrefter stadfestar kyrkja som viktig i kulturarbeidet i lokalsamfunnet.

3) Å gå inn i ein prosess for å utvikle eit målretta samarbeid med ulike partar knytt til St. Thomaskyrkja, både geografisk og økumenisk. Vurdere om ein skal opprette ein breidt samansett komité for kyrkja

Dette handlar om at gudstenester og

anna verksemd i kyrkja finn god forankring, m.a. i samarbeid med kyrkjene i Årdal og Lærdal. Ettersom kyrkja er økumenisk vigsla, kan ei fornying også bety nærare samarbeid med andre kyrkjesamfunn.

### Omsorg og solidaritet

4) Ein gjennomgang med sikte på å auke antal dagar totalt med open kyrkje Dette handlar om opne dører og opne rom, men også ein måte å vere kyrkje på, både for lokalbefolkning, pilegrimar og andre på reise.

5) Å vidareutvikle kyrkja sin kommunikasjon gjennom sosiale medier og andre digitale plattformer, den lokale kyrkja sitt nærvær på nett, og at ein arbeider med å få på plass heildigital påmelding til dåp

### Born og unge

6) Å gå gjennom samarbeidet skule-kyrkje og barnehage-kyrkje i dialog med kommunen, ut frå gjeldande lov- og planverk Samarbeidet skule-kyrkje og barnehage-kyrkje er ikkje til for kyrkja si skuld, men for å auke livskompetansen for born og unge. Kyrkja er ein viktig ressurs på det området.

7) Å gjere kyrkjeleg utdanning til tema i kyrkja sine møter med ungdom, ved å fokusere på kva det vil seie å arbeide i kyrkja. Og at kyrkja i Vang fellesrådsområde vurderer å tilby sommarjobb til ungdom

### Kyrkja i lokalsamfunnet

8) Å utarbeide langsiktige planer for vedlikehald og investeringar i samarbeid med kommunen, på bakgrunn av



oppdaterte tekniske tilstandsrapportar for kyrkjebygga

9) Å arbeide med å avklare ulike forventningar knytt til stell og vedlikehald av kyrkjegardane, i dialog mellom råd, tilsette og det engasjementet som finst i befolkninga

10) Ei satsing på nasjonaljubileet. Bruke tida fram mot nasjonaljubileet i 2030 til å til dømes tematisere religionsdialog og religionsmøter, og bli med på eit felles arbeid i Valdres knytt til tusenårsmarkering i 2023

### Organisering og medarbeidarskap

11) Gå gjennom rollene som folkevalde sett i lys av oppgåver som frivillige, med mål om å organisere arbeidet så oppgåvene ikkje blir for mange for den einskilde. Avklare om ein skal ta organisatoriske grep for å møte utfordringane med å rekruttere medlemmer til sokneråd

12) Å halde felles årleg møte mellom stab og sokneråd

Biskopen nemnde at ledsageren hennar under visitasen, Lars Erlend Kielland, ville kome på besøk til Vang om eit års tid for å sjå til korleis det går med dette arbeidet.

Sidsel Offergaard Jevne



**Vang kommune**  
ynskjer lesarane god jul  
og godt nytt år!

Vidar Eltun

Vidar Eltun, Ordfører



## Den trivelege fredagen

Omlag fire gonger i året arrangerer Innovangsjon «Fredagskos», der både bygdefolk, nye vangsgjeldingar og hyttefolket er hjerteleg velkommen. Med god mat på bordet, godt i glaset, quiz av ypparste klasse og stemning til å ta og føle på, er det alltid duka for ein triveleg fredagskveld.

Fredagskos blir arrangert på forskjellige plassar, og temaet for kvelden varierer frå gong til gong – nettopp for å kunne skape ein kveld for alle.

Haustens fyrste Fredagskos vart arrangert på Eidsbugarden Hotell, med eit svært rikhaldig program. Då mørket senka seg over fjella utanfor, var festen så vidt i gong for dei 50 gjestane inne i matsalen. Den lune, gode hauststemninga la seg som eit teppe over fredagskvelden, og med hjortegryte og brownies godt fortært, var det på høg tid med god underhaldning. Lasse Tronstad, drivar av hotellet og profesjonell trompetist, spelte på trompet og bukkehorn, medan Solbjørg Kvalshaugen fortalte historia om Olav Aasmundsson Vinje. Etter stemningsfull historiefortelling var det klart for kveldens nokså store godtepose – heile 10 nye vangsgjeldingar skulle presenterast! Klapp og jubel for kvar og ein nye sambygding! Til slutt runda me av kvelden med ein aldri så liten quiz, der premien sjølvsagt var ein runddans i baren.

Resten av kvelden er historie, men neste gong kan du også skrive deg inn i Fredagskos-historia! Følg med på vår heimeside [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no) eller på Facebook – Vang, for å halde deg oppdatert på når neste trivelege fredag vert arrangert. Ta med ein ven til Vang og kos deg!

**Tekst og foto: Ida Nordland Hillestad**



Foto: Sven Ingar Moen

## Ein tårevåt avskjed...

Det er som å sitte på eit tog, og toget går no inn for siste stopp. Det skal ikkje gå vidare. Det har kome til vegs ende.

Nokon har nettopp gått om bord, nokon har gått av innimellom, og nokon har vore med heile vegen og skal vere med toget til siste stopp.

Det kjennes litt sånn ut... Det har gått opp for oss at det no snart er siste gang vi seier «takk for i dag», utan å kunne seie «ser deg i morra».

Vi ser drosja kjem, og vi ser på dei små forventningsfulle auga med glede i blikket. Nye vennskap, nye relasjonar. Klemmar, skrubbsår som skal plastrast, turar i skog og mark, filosofering over ein maur, skiturar, fjelltoppar som vi har bestege, lære å kle av og på seg, lære seg eit nytt språk, bading, klatring, meistre nye ting og gleda over å meistre, gleda over å få danne vennskap, eller det å kunne få høyre til. Høyre til i vesle, vakre, ville Vang. Gleda av å få kunne være ein unge, på lik linje som alle «dei andre» ungane som er busett i Vang. Det er ekstra sårt å seie «takk for i dag, ser deg i morra» i desse tider. Det er vondt å sjå på ungane og lure på om dei kjem til barnehagen i morra. Vi ser det og, at dei er litt urolege. Er usikre. Gjev oss ein god og varm klem, lenge. Er det den siste?

Ein dag sist i september fekk vi første beskjed. No har eit barn reist. No reiser dei, ein etter ein. Det er ingen av oss



som veit kva dag, kva veke, eller om det er på dagen eller natta dei reiser. Enten vert dei sendt til eit anna mottak, eller i nokon tilfelle sendt tilbake til sitt heimland.

Når ungar «forsvinn», så har vi som arbeidar med dei i barnehagen, tenkt at det alltid vil koma nokon tilbake. Det er sånn det har fungert i så mange år. Nokon reiser, nye kjem inn. Nokon er her lenge, medan nokon kanskje berre er her i eit par veker. Men no... no kjem det ingen andre ungar tilbake, som er knytt til mottaket vårt i Vang. Det er slutt. Det nærmar seg siste dag for fleire. Det nærmar seg siste tur med drosja. Vi er snart ved vegs ende.

Takk, for at vi har blitt rikare på mange måtar med våre relasjonar til mottaket. Ikkje berre ungane og andre bebuarar, men og til dei som arbeidar tett på dei. Dei tilsette ved Vang mottakssenter har og hatt det tøft den siste tida. Vi er veldig takknemlege for det tette samarbeidet vi

har hatt. God dialog og kommunikasjon har vore viktig for at vi har kunne tilby det beste for barna «våre».

Så er vi her ved vegs ende og seier takk for i dag, ein siste gang...

Tekst og foto: Yvonne Mæland



## Julekonserter i kirkene i Vang

De siste to årene har vår forrige organist, Veronika Kashina, holdt konsert i Vang sammen med to av sine musikkvenner – Aleksandra Boiko og Anastasiya Bazhenova. I 2019 hadde de førjulskonsert i Heensåsen kirke og i 2020 romjulskonsert i Vang kirke. Konsertene holdt svært høy kunstnerisk kvalitet og var godt besøkt. Heldigvis blir det konsert også i år: Fredag 17. desember kl 19.00 i Vang kirke.

I tillegg arrangerer Vinjerock konsert i Vang kirke fredag 10. desember, og det blir juleinnsynging i Høre stavkirke mandag 13. desember og i Vang kirke torsdag 16. desember. Alt er kl 19.00. Så her blir det rikelig med god musikk og julestemning for enhver smak!

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne  
Foto: Guro Hovda (fra konserten i 2020)



## Frisklivssentralen i Vang

**Frisklivssentralen er ein kommunal forebyggjande helse- og omsorgsteneste som tilbyr rettleiing til endring av livsstilsvanar innan fysisk aktivitet, kosthald eller røykeslutt.**

Friskliv tilbyr lavterskel gruppetrim som passar for alle, i tillegg er det gratis å delta. Det er berre å møte opp. Frisklivsrettleiar har fokus på at alle skal få utbytte av treninga uavhengig av funksjonsnivå.

- Kvar tysdag kl. 11.00 er det bakke drag og styrketrening, oppmøte ved aktivitetsparken.
- Kvar torsdag kl. 14.00 er det balanse- og styrketrening på Vangsheimen.

Vel møtt til alle som ynskjer å koma i gong med litt mosjon!

Ta kontakt med Mona Wiik Jonassen Frisklivsrettleiar:  
frisklivssentralen@vang.kommune.no  
Telefon: 957 45 180

### Opning av Vang petanquebane

6. oktober blei Vang petanquebane offisielt opna. Bana er plassert bak BUA. Onsdagskafeen, ordførar og bebuarar på Vangheimen var invitert til opninga. Vang kommune ynskjer fleire møteplassar kor innbyggjarar kan møtast og vere i aktivitet. Petanque er eit spel som kjem frå Frankrike og er nokså likt boccia. Vangsheimen står i spissen for bana, som er meint i forbindelse med eit prosjekt som heiter «leve heile livet». Kuler til spelet kan lånast på Vangsheimen ved hovudinngangen. BUA har også kuler som kan lånast. Spelereglar heng på veggen. Neste vår/sommarsesong kjem det fleire benker. Få med deg ein gjeng og spel då vel!

### Markering av Verdensdagen for psykisk helse

Den 10. oktober kvart år blir Verdensdagen for psykisk helse markert verda over. I år markerte Vang Kommune denne dagen 7. og 8. oktober. I eit tett samarbeid mellom frisklivsrettleiar/folkehelsekoordinator, psykisk helsesteneste, Vang barne- og ungdomskule, biblioteket, frivilligsentralen, Vangsheimen og kulturskula blei det heile fem

markeringar for å treffe flest mogleg av våre innbyggjarar og tilreisande. Markeringane blei gjennomført i ulike former. Me var heldige og fekk tilgang på foredraget «Snu motgang til medgang» av Marius Løken, som er kjent frå halloweekendrapet. Dette foredraget blei vist for 8.-10. klasse ved VBU, etterfølgd av oppgåver som blei gjort i klassene. Det blei gjennomført eit foreldremøte for alle føresette med elevar på VBU. På foreldremøtet blei også frisklivsrettleiar/folkehelsekoordinator, psykisk helsesteneste, kommunepsykolog og skulehelsetenesta presentert.

8. oktober blei det gjennomført ein flott konsert av kulturskolen for bebuarar på Vangsheimen. Biblioteket var opent for dei som ville ta turen innom på kaffi og skravlebolle/kake. Biblioteket hadde stilt ut mange gode bøker som passa til temaet psykisk helse, det blei også laga ein «Dette gjør dagen min bra»-vegg kor alle kunne skrive ein lapp med ting som gjorde deira dag bra. Fredag ettermiddag hadde frisklivsrettleiar/folkehelsekoordinator og psykisk helsesteneste stand ved Coop Prix i Vang og Joker Ryfoss. Her blei det delt ut tips om korleis ein kan ivareta si eiga psykiske helse, samt effektar.


Mona Wiik Jonassen  
frisklivsrettleiar og folkehelsekoordinator



## Kulturminne: Visste du om desse? ... no er dei borte! Del 2

Med vegarbeidet som pågår på E16 no, blir det borte mykje av terrenget vi kjenner. Deriblant forsvinn også kulturminne. Frå Vangsnes og i båe retningar er det fleire. Ein person som fortener nøkre få ord her, er «Konsulen», Jon Rogn. Opplysningane er henta frå boka Sigfred kom med i 2018, «Vilt o Vetøgt».

### Konsulen



Jon Sjursen Rogn (1862-1958).

Fotograf: Ola H. Jevne (1914-1980)

Foreldra heitte Marit og Sjur Læg Reid og budde på husmannsplassen Teigen under Nørre Leirhol. Jon og kona Margrete budde i ei skrøpeleg stogo sør for bergklanten Kleive, ved Vangsnes. Jon brukte å presentere seg som Konsul von Klevenberg. Han var postberar, tre dagar i veka. Då gjekk han fyrst heimanfrå til Kvismo posthus (der Montér Kvismo ligg no), henta posten, opp Tørpegardane og leverte post i brevhuset på Dal i Liagardo. Neste brevhus var Nordigarden på Heen, så over åsen, gjennom Remmisgardane og til Vennis. So var det same leie attende og til Kvismo med levering av brev der, før han kunne gå heim gødt uti kveldseta.

### Svarvaren



Svarvarstoga til venstre?

Fotograf: K. Knudsen, Bergen

Litt om Thomas i Ala-Øigare, frå Tidsskrift for Valdres Historielag 1918 s 210. Thomas, født i 1830-åra på husmannsplassen Ala-Øigare under garden Torpe i Vang. «Denne plads havde sit Navn af Ala-Elv, som rinder ned fra

Hugakol og gaar ud i Begna-Elv lidt syd for Øilo Hotel.» Alt som smågut viste det seg at Thomas på Ala-Øigare hadde kunstneriske anlegg. Han fekk laga seg eit lite dreieverksted, med snordrift frå Ala-elve. Han byrja med å dreie (svarve) trefat, tallerkenar, bakstekjevlo og brødtrinso. Det vart og hjulrokkar, som vart sagt skulle vera sær gode. Han laga og tolleknivar med sær skarp og god egg. Ein haust forsvann han, hadde sagt han ville vestover, trudde det var lettare å få utkome der. Ingen visste noko meir om Thomas, før det i Gula Tidend stod eit stykke om Thomas i Fossen. Han var død, 80 år gamal. Opprinneleg frå Valdres, kom for mange år sidan og bygde seg verkstad ved Sævareidfjorden, Hatleveisfossen. Var dyktig med alt tre og metallarbeid. Hadde i starten mest laga rokkar, som var sær gode. På mange måtar ein merkeleg mann som vil leva lenge i folks minne, stod det. Var dette Svarvaren? Knut Hermundstad fortel om ein Knut Køllstadbakka frå Øystre Slidre som vart kalla Svarvaren. Men det kan vel ha vore ein svarvar i Vang også?

### Tumleøydgarden



Ferie i Valdres

Fotograf: Normann

Tumlin... Harald Olav Jevne fortel vidare: Ein del av jordet på Tumle-øydgarden har no vorte ny E16-trasé. Her var der husmannsplass i 1840-60 åra. Tumlin, eller Tomas Gulliksson Jøvne, var på denne plassen frå omkring 1844 og til han døydde i 1868. Alle ungane dro til Amerika. Om Tomas vart det sagt han var beste smeden i Ytre Vang. Sjå Gardar og Slektar i Vang, C s 41. Seinare var det, rett som det var, nokon som slo opp teltet sitt her, og etter kvart vart det ein etablert rasteplass. Men no er den også borte.

Tekst: Ivar Hemsing

*Les om Grace på neste side:*

Slik gjev du ei viktig julegåve i år:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426
- Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner
- Sett inn på Gåvekonto: 1594.22.87248

# La Grace fülle fem år

Av: Anette Torjusen / Foto: Håvard Bjelland

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

## Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døyde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykkel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

Vi skal snart feire jul, i takksemnd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.



Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsesenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timar tidlegare.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi bygge fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

Kirkens Nødhjelp  
Regionkoordinator Innlandet, Kristin Tepstad Eide

## Øyebakkin

Har du køyrt forbi Øyebakkin i det siste? Kjenner du deg att?

Det raude huset er borte, og det er jordhaugar overalt. Men det er berre midlertidig, heldigvis. Vang maskin er i gang med grunnarbeid for det nye tekniske anlegget og servicehuset som skal byggast litt bak der det raude huset sto. Dette huset får ein moderne utsjånad, og bygginga blir sett i gang neste vår og ferdigstilt hausten 2022. Det blir teknisk rom i kjellaren, og i 1. etasjen blir det utstilling/informasjon/møterom og toalett.

Vi har søkt tilskot for å kunne lage ein fin utstilling om Øye stavkyrkje og historia rundt den, og litt om stavkyrkjedalen Valdres. Vi håpar og at vi kan få låne gjenstandar frå stavkyrkja og ting som er funne i Øye, som no er på museum. Dette må sikrast, og det kostar pengar. Kommunen får plass til infor-



Oversiktsbilde der vi ser litt av stakitten rundt kyrkja, huset som er rive og stavkyrkja i bakgrunnen.

masjon om gamle husmannsplassar og stigar i Øye og om Kongevegen. Rundt stavkyrkja blir det rydda opp. Den noverande parkeringsplassen blir grøntområde med nokre benkar. Containeren skal bort - likeins huset for omvisaren, og alle leidningar skal i bakken. Nye parkeringsplassar blir det

langs den nye vegen som skal gå forbi det nye servicehuset - altså på sørsida av Øyevegen. Dette blir fint når det blir ferdig! Dette fortjener kyrkjene og folket i Øye

**Tekst: Guro Hovda**

**Foto: Ivar K. Hemsing**

## Blå Kors

Hun sitter musestille på rommet sitt. De voksne snøvler og ler inne i stua. Hun hører glass som knuser og voksne som roper. Det knyter seg i brystet. Utryggheten omfavner henne, som en dyne hun trekker over seg.

De er mange, de sårbare barn og unge som vokser opp i hjem preget av rusproblemer. Folkehelseinstituttet anslår at det er 90 000 barn og unge under 18 år i Norge som er pårørende til en forelder som bruker rusmidler på en måte som belaster daglig fungering og funksjoner. Det tilsvarer 2-3 elever i hver skoleklasse. Blå Kors er en organisasjon som er svært opptatt av akkurat denne gruppen unge.

### Familier som sliter

Cathrine Dahle er psykologspesialist og avdelingsleder for Blå Kors Kompasset i Lillehammer, et lavterskel terapitilbud for unge som har vokst opp i familier preget av rusmisbruk. Hun sier det slik:

– Akkurat nå er det en del familier i Norge som ikke har det så bra. Mange familier opplever mer rusbruk, fordi hverdagen er uvanlig og folk er under press. Det har vært ekstra vanskelig nå som skoler og fritidsaktiviteter kan ha vært stengt. Vi har kontakt med unge som forteller at de holder ut familielivet fordi de har «fristeder» som skole og fritidsaktiviteter.

### – Si fra til en voksen

Cathrine Dahle håper at unge i en slik situasjon vil våge å si fra til en voksen person som de kjenner og som de kan stole på. Dersom en ikke har noen voksne en kan snakke med, så er det flere hjelpeinstanser å kontakte.

I tillegg til Blå Kors Kompasset på Lillehammer tilbys også samtaler og terapi på nett. Tilbudet er beregnet for unge mellom 13 og 35 år.

*De unge som besøker Blå Kors Kompasset sitter gjerne sammen i terapigrupper som dette.*



### Dette er Blå Kors

Blå Kors er den største ideelle aktøren innen rus, alkohol og avhengighet i Norge. Blå Kors har i over hundre år gjort en viktig innsats i Norge for å hjelpe personer som er direkte eller indirekte rammet.

Blå Kors er en diakonal, tverrkirkelig organisasjon. Arbeidet baserer seg på et kristens menneskesyn som legger vekt på at alle mennesker er skapt i Guds bilde og har absolutt og ukrenkelig verdi.

(teksten er noe bearbeidet)

Illustrasjonsfoto: Marcel Leliënhof

## Øyebakkin ... siste året!

I mange samanhengar – bl.a. i Kyrkjeleg fellesråd – har det i mange år vore prat om Øyebakkin. Betre parkering for besøkjande både til stavkyrkja og gudsteneste, toalettanlegg, brannsikring, millionar på kommunebudsjett, riksantikvaren og, tja...

I fjor før jol, i grålysing o snøkav midt på dage, kunne ein skimte at noko va i endring uppi Øye. Store grøntre ramla overende. Motordur o leven, jammen skaut dei uppi der mæ. Ja, ja, det hadde vore so mykje russel mæ vegarbei ve røvsfarmen te Haugen o søover nøkre år no, so detta va nøk heldan ikkje noko o bry se um!

Men det som her var på gang, vil forhåpentleg i løpet av komande år få ein kjærkomen betydning for bonden på Sørre Øye, for alle som skal til gudsteneste eller anna i Øye kyrkje – særleg då i vetrahalvåret, og for besøkjande til Øye stavkyrkje. Det får betydning for svært mange av oss, enten vi bur i Øye sokn eller ikkje.

Arbeidet starta med klargjering av høgdebasseng-området. Rydde for skog og kratt, få på plass to store vasstankar (kvar på 90m<sup>3</sup>), vanntilførsel til desse og røyr nedover gjennom E16 til Øyebakkin, gjennom vegen der og ned til stavkyrkja. Det har vore ein del forsinkelsar, men Endre Victor Lunde i Vang Maskin seier at Svein Ivar Haugen, som er grunneigar ved bassenget og ned til kyrkja, har vist forståelse og tolmod, så alt har gått greit.

Øyebakkin har vore på plan lenge, so då Rødølstunnelen og nyvegen kom, vart det lagt trekkerøyr gjennom vegfyllinga, både for dette prosjektet og framtidige behov for grunneigar. Heldigvis tenkte eg vi måtte sjekke desse røyra med kamera, seier Endre Victor. Alle var lagt med knekk eller bend, så kameraet kom mest ikkje fram, altså ubrukelege. Dermed vart det i mars ein jobb for Myhre Brønnboring.

I vegen ligg det djupdrenering, og høgare oppe er det straum m.m. Før boringa starta, måtte dei difor måle og berekne nøye. Endre Victor seier at trekkerøyrret



*Under bakken ser det slik ut. Straum, vatn, telefon osv. til styring, brannvarsling og sløkkjing. Alle røyr skal inn i ein kum.*

ligg ca 20 cm under djupdreneringa i vegen. Fyrst prøvde dei med 400mm røyr, og det gjekk bra fram til ca 35 m, då rauk røyret. Fillern og, berre 10 m att. Prosessen er slik at dei børa inn ei røyr lengde, så må ei ny røyr lengde sveisast på, og igangkjøringa er ofte kritisk. Har massen rundt røyret sett seg godt, kan røyret ryke ved ny start for meir boring. Men med fyrste røyr på 400 mm, kunne dei no gå med eit 280 mm røyr innover i det som var øydelagt og likevel ha plass til dei forskjellige røyra som måtte gjennom vegen. Det vart og plass til eit nytt reservørør for grunneigar på staden. Dei siste 10 m gjekk greit. Rekinga for denne del av jobben var det Statens Vegvesen som tok.

Huset som var tenkt til toalettanlegg m.m. vart etter kvart beslutta rive til fordel for nybygg. Huset var i meste av anleggsperioden kvilerom for arbeidskarane. Eit bilde av tidlegare eigar hang att på veggen – Ola Øye med trekkspilet sitt, eit kjent syn i mange samanhengar. Blant anna som spelemann når det var fest på Dalheim. Karane fleipa litt med at han Ola fylgde med, heilt til huset hans var rive.

**Tekst og foto: Ivar K. Hemsing**



*Ein stor traktor, med svært lang hengar lånt frå Hæhre, gjev kanskje eit lite intrykk av storleiken på eine tanken.*



*Vegkryssinga på Øyebakkin til kum og brannhydrant. Ikkje berre to røyr nei, men mange og i to høgder.*



## Hele verden i lille Vang

Vang Mottakssenter er snart historie, men for en historie det har vært!

Det er en nesten umulig oppgave å klare å finne ordene som skal til når en skal forsøke å avrunde og oppsummere 23 års mottaksdrift. Det er så utrolig mye en kunne, og sikkert også både burde, ha sagt og skrevet, men det dukker ikke opp så mange ord, bare masse følelser. Først og størst er nok følelsen av takknemlighet. Takknemlighet over alt vi har fått oppleve sammen med alle beboerne og med mennesker både i og utenfor Vang. Takknemlighet for alt som er gjort, alle gode gjerninger og alle gode og varme tanker til mennesker som kom til Vang med en litt annen ballast enn noen av oss egentlig helt og fullt klarer å ta inn over oss. Takknemlighet for tida som var, for tida i fellesskap og for tida med gode opplevelser sammen. Ydmykhet er et annet ord som dukker opp. Ydmykhet overfor historier som er fortalt og delt, ydmykhet for å få ta del i andre menneskers liv, på både godt og vondt. Ydmykhet for all tillit som er gitt og ydmykhet overfor andre menneskers verdi.

Det er ikke mulig å komme forbi ordet raushet. Det har aldri mangla raushet på mottaket. En slik raushet du egentlig aldri helt klarer å definere. Den rausheten som bare er der og har materiale i seg til å bygge bro mellom mennesker når alt i livet er svart og en trygg havn er alt du søker. Beboerne på mottaket har vært gode brobyggere seg imellom og vist andre at raushet er en valuta det

er umulig å måle.

Det er ikke vanskelig å føle på en stor stolthet for alt mottaket har betydd for så mange mennesker over så mange år. Stolthet for å ha stått i utrolig mange og krevende situasjoner og likevel fått til gode løsninger. Stolthet over å ha fått lov til å drive mottak i 23 år. Stolthet over beboere som har lyktes med livene sine, og stolthet over hvordan mennesker i Vang alltid har stilt opp og lagt til rette for at mottaket og lokalsamfunnet har funnet måter å leve sammen på til berikelse for alle.

Sporene etter mottaket vil være synlige på ulike måter i mange år framover. For noen av oss vil sporene følge oss resten av livet. Det er flere grunner til det, men tydeligst vil vi nok merke fraværet. Fravær av lyder, lukter, kulturuttrykk og ulike språk. Men aller mest vil vi nok merke fraværet av menneskene på mottaket. Både de voksne, men kanskje særlig de små.

Barna på mottaket burde ha fått en vei i Vang oppkalt etter seg. Ingen har satt større spor i Vangsjorda de siste årene enn små barneføtter fra mottaket. De har valsa inn i både hus og hjerter og gitt oss minner for livet, hver eneste en av dem.

Beboerne på mottaket har bedt meg om å viderebringe en stor takk til alle menneskene i Vang. Beboerne er glade for all hjelp de har fått, for alle vennskap som har oppstått og ikke minst for alle menneskene de har møtt og som har

gitt dem rom til å finne trygghet i livene sine.

Alle nåværende og tidligere beboere skulle vært nevnt, men det er umulig. En person må likevel nevnes spesielt, vår og Vang sin egen Ali Obo. Ingen i Vang vil noensinne glemme han. En bauta på mottaket og en bauta i Vang. Et hjertevarmt og engasjert menneske, og et av de største medmenneskene jeg noensinne har møtt!

Det er tid for å takke. En stor takk til alle samarbeidspartnere og til næringslivet i Vang.

Takk til enkeltmennesker og til lag og foreninger. Til frivillige av alle slag, til politi, brannvesen og til huseiere. Takk til Hero Norge for at de har villet satse på Vang mottak. Takk til alle tidligere og nåværende medarbeidere. En stor takk til helsevesenet og til menigheter og tros- og livssynsorganisasjoner. En kjempestor takk til alle barna i Vang og til skole og barnehage.

Og ikke minst en kjempestor takk til Vang kommune som gjennom alle år har vært en formidabel vertskommune. Helt til slutt passer det å ta med noen linjer fra Jørn Hoel sin sang: «Har en drøm». Jeg vil ta dere med tilbake til festivalen Vårt Nabolag. På scena utenfor mottaket står en supernervøs Ali Obo som for første gang i sitt liv skal synges foran et publikum. Han er ingen sanger, men med Jørn Hoel sin tekst og toner står han med ett foran oss som verdens største sanger da teksten og nerven i sangen treffer oss.

**Takk for følget fra Vang Mottakssenter**

**Egil Bjørnsland**

**Foto av Ali Obo: NRK**

Har en drøm om å komme hjem dit ei framtid ennå bor  
Har en drøm om å finne frem over ei mørklagt jord  
Snart stiger sol et sted i øst og i natt har ingen gitt deg svar

Men det finnes ei fattig trøst  
Drømmen du alltid bar

Har en drøm om å høre tel i en hverdag taus og grå  
Har en drøm om at alt æ vil finne en vei å gå  
Snart stiger sol et sted i øst alt vil være som det en gang va

Men det finnes ei fattig trøst  
Drømmen du alltid bar

Et døgn går forbi du lever på lånt og kostbar tid  
Mens et hjerte slår og dagan går og går

Har en drøm om et ainna land og en lengsel øm og stor  
Har en drøm som e skrift i sand skreven med store ord  
Snart stiger sol et sted i øst og en verden venter kald og klar

Men det finnes ei fattig trøst  
Drømmen du alltid bar

Jørn Hoel



## Juleandakt

Glade jul, heilage jul!  
Englar kjem frå Guds kongestol,  
blomar ber dei frå paradiset,

Slik står det i julesongen «Glade jul, heilage jul» som den danske forfattaren og poeten Bernhard Severin Ingemann har skreve og lagt til rette for norsk av Bernt Støylen som var prest, biskop og lyrikar.

Glade jul, heilage jul!  
Englar kjem frå Guds kongestol,

Englane fortel om blomane frå paradiset. Noko som er frå byrjinga, som er og som varar. Noko som ber liv og håp i seg.

Julas Gud gir kraft og ber, også når dagane er vonde.

Tonane frå Betlehemsmarka minner oss om kor aleine vi kan kjenne oss når livet rammar med all si tyngd. Lindringa kjem som glimt av å høyre til i noko som er stort, større enn oss sjølve.

Vi veit alle noko om at livet er sårbart og utsett. Noko meir sårbart enn ein liten baby finst vel knappast. Avhengig



av å bli tatt vare på og beskytta, og som samstundes gir, berre ved å vere til. Det at Gud er komen til verda gjer at vi kan lene oss til ein Gud som kjenner menneska sine liv. Jesu fødsel set i gang ein bevegelse som aldri har stansa.

Å følgje fotspora etter det vesle barnet er å våge å gå inn i nye, ukjende landskap ut ifrå evangeliet si grensesprengande kraft, til å opne livets kjelder og framtidshåp for alle menneske.

Blomar frå paradiset.  
Englane ber bod om eit evigvarande

håp.  
Håp for i dag og for morgondagen.

Blomar frå paradiset. Barnet i Betlehem. Vi anar noko om dette barnet. Ja, vi anar, kjenner att og trur på Jesusbarnet sitt livgivande og trøystefulle nærvær midt blant oss.

Velsigna julehøgtid ønskast dykk alle.

**Solveig Fiske**  
**Hamar biskop**



## Trosopplæringsabonnement

Vi ønsker alle barn velkommen til å være med på trosopplæringstiltak. Frem til januar i år har vi kunnet sende ut invitasjon i brevform til medlemmer (dvs. de som er døpt i kirka), og tilhørende (som betyr barn av medlemmer). Nå ble «tilhørende» tatt ut av medlemsregisteret, og dermed er det kun medlemmer som får invitasjoner fra oss.

Men NÅ blir det mulig for alle å melde sine barn som trosopplæringsabonnenter. Det vil si at de kan få invitasjoner til arrangement hos oss, selv om hverken barn eller foreldre/foresatte er medlemmer.

Måten du gjør dette på, er å gå inn på kirken.no/minside. Her logger du inn med bankID, og det kan du gjøre uavhengig av om du er medlem eller ikke. Når du har logget inn, får du spørsmål om du har barn som ikke er døpt,



men ønsker informasjon om trosopplæring. Så registrerer du navn og fødselsdato på barnet, og da er du i systemet og vil motta invitasjoner fra oss. Enkelt og greit! Ønsker du ikke lenger å motta slike invitasjoner, er det bare å logge inn igjen og trekke samtykket. Alle opplysninger blir slettet automatisk når barnet fyller 15 år. Velkommen til oss!!

Kirkekontoret i Vang

## Ein prat med kyrkjegardsarbeider Nils Bjarne

Eg høyrer ofte at Nils Bjarne er oppteken av at det skjer noko med han sjølv og andre, når han går gjennom kyrkjeporten. Praten går lågt, og tema blir annleis. Mange vågar å snakke om livet og døden, og snakkar oftare om framtida si. Før var gravferd i kiste det vanlege, men no er det fleire alternativ, og mange er opptekne av dette.

### Mange fortel meg at det er godt å trefte deg på kyrkjegarden for å kunne slå av ein prat om det dei tenker på når dei går der. Kva gjer det med deg?

- Eg føler meg privilegert, og håpar at eg kan vere til litt støtte og hjelp.

### Korleis har sommaren vore på kyrkjegardane i år?

- Det har vore hektisk som vanleg, for det er mykje å fare over. Graset har grodd til langt ut i september, så gras-klypparen har gått jamt. Det må vere tørrvêr, for er det blautt gras blir det ikkje fint etter meg. Dermed tek det endå lenger tid for å koma rundt.

### Du har mange stader å klippe, frå Høre i aust til St. Tomas i vest. Kor lang tid tek det å klippe ei runde ved alle dei seks kyrkjene/kyrkjegardane?

- Det tek 6,5 arbeidsdag å få klypt og kantklypt i tørt vær, slik det er i dag. Når det blir ferdig på Øyebakkin, vil det ta lenger tid.

### Du har vel andre oppgåver og på sommaren, enn berre å klippe gras?

- Ja, inniblant dette er det gravferder og andre gjeremål som må gjerast. T.d. tomme avfallskasser, graver som ikkje er jamna etter gravferda skal jamnast og såast til. Etter vindfulle dagar plukkar eg kvist alle stader. Av og til får eg melding om at flaumlyset ved kyrkja ikkje lyser. Då må eg ut att på kveldstid for å sjekke dette i mørket. Blir det gravferd, må det arbeidet sjølvstøtt også gjerast. Inniblant dette har eg oppgåver for kommunen, som kompensasjon for gravemaskina og lastebilen som kommunen eig. Avtalen er at frå mai til oktober skal eg berre arbeide for kyrkja, men det hender ofte at eg må ta småoppdrag for kommunen også.

Ei utfordring eg merker meg nesten kvar sommar, er at det blir klage på klippinga på facebook, og der kan ikkje kyrkja gå inn og diskutere. Det er vanskeleg å gjere alle til lags. Det er mange meiningar om kor kort graset skal vere,

og eg kan ikkje rekke over alle kyrkjegardane så ofte som eg kunne ynskje. Eg ber til forståing for dette og oppmodar om at klager går rett til deg på kyrkjekontoret. Då kan vi kanskje få gjort noko med det.

### Korleis kan ein arbeidsdag vere?

- Eg kan ikkje planlegge langt framover. Eg må ta mykje på sparket, fordi eg er avhengig av tørt vær for å få gjort hovudoppgåva som er å klippe gras. Men er det då blautt, må eg finne andre oppgåver så lenge. Då tek eg førefallande vedlikehaldsarbeid der eg ser det trengst.

### Kva likar du best ved jobben din?

Det er variert arbeid, og det likar eg godt. Av og til kjem slektsforskarar, og eg kan prøve å hjelpe dei å finne det dei ser etter. Eg møter og mange på kyrkjegardane som vil spørje og snakke. Dei spør om alt mogleg - om t.d. gravstøtter, festetid og kva eg tenker om kistegrav i forhold til kremasjon i dei forskjellige situasjonane. Mange ungar er opptekne av det som skjer i ei gravferd, så eg har laga eit opplegg i trusopplæringa om dette temaet.

Takk for praten!

Guro Hovda

Heensåsen Sokneråd vil få rette ein stor takk til Menighetsbladet og Vang Kommune for god og raus støtte til nye messehaklar i Heensåsen kyrkje. Messehaklane er veldig flotte og laga lokalt av Berit Vidme.

Vi ynskjer alle velkomne til kyrkje for å sjå dei i bruk.

Helsing Heensåsen sokneråd



### Vi les Bibelen saman

Vi inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtleasing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med.

Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår. Samlinga varer ein snau time. Komande samlingar blir kl. 18.00 den 12. desember, 9. januar, 13. februar, 13. mars.

**Velkomen!**

**Redaksjonen vil rette ein hjarteleg takk til alle bidragsytarar** for godt lesestoff, flotte bilder og nyttig informasjon. Ein ekstra takk til Vang kommune for regnskapsføring, det er eit godt bidrag til drifta av Vang Menighetsblad. Takk til Ingrid Wigdel for god layout og Skrivargarden for godt samarbeid. Hjarteleg takk til sokneråda som organiserer utkøyring av Vang Menighetsblad, og hjartans takk til dei som køyrer ut.

Ein spesiell takk til våre sponsorar dette året: året: Elektromontasje,

Gjensidige Valdres, Montér Kvismo og Valdres Sparebank.

**Redaksjonen ynskjer alle ei gledeleg jul og eit godt nyttår!**

## Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

## Finn fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



## Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 03 71 00.



# Torsheim forsamlingshus

## Vang Ungdomslag - del 2

Det er mykje som ikkje er bra med korona, men noko som er bra, er at ordet dugnad har kome til heider og verdigheit att. Eg tykkjer det har vore moro å skrive om Torsheim og arbeidet i Vang Ungdomslag, det var etter mitt syn skikkeleg dugnad.

Korleis var lagsarbeidet i Vang Ungdomslag gjennom året? Dette vert etter som eg hugsar. Derfor sende eg dette til Marit Oppdal Hoff og Olav Ellingbø. Det er betre til fleire som hugsar, so tenk deg om du og, og sei frå til meg, so kanskje vert eit lagsår på Torsheim so rett som råd.

Den fyrste festen i året trur eg var «utkleddningsfest», den var tidleg i januar. Då kan eg ikkje hugse det var anna program enn dans og premiering av utkleddede.

So var det lagsmøte, minst eit kvar månad. Det var alltid program som tale, ymse slag opplesing, alltid song, og ikkje minst Vangværingen, det handskrivne lagsbladet. So var det folkeviseleik og vanleg gamaldans. Tenk kva me ungdomane lærde, alle skreiv kvar sin gong Vangværingen, alle las opp, hadde eit eller anna oppdrag i høve spelstykke eller revy, gjorde andre ting som gleda andre og med det seg sjølv. Ja, for kvart år var det spelstykke eller revy. I tillegg til fleire framføringar på Torsheim var me på turné til anten Hallingdal, Lærdal eller Oslo, for å syne fram kunstene.

Men det meste lagsarbeidet var leikøvingane. Dei var ein gong i veka. Då var det songdans, turdans, vanleg dans, ja til og med springar. Laget skipa i denne tida til fleire ei-vekes kurs i både folkedans med instruktør frå Noregs Ungdomslag og kurs i Valdrespringar. Det var og kurs for leikleiarar i Valdres Ungdomslag, som etter kvart leia «leikan» i laget. Hugsar godt då ungdomslaget kjøpte inn Proton lydbandspelar for å ha eigna turdansmusikk på øvingane.

Kanskje var også turane – til stemna i Valdres Ungdomslag, ja til og med heilt til Odense på Nordisk Folkedansstemne – noko som sveisa oss saman til eit godt lag.

Om sumaren laga me vanlege dansefestar annankvar laurdag. Det var berre dans. Til desse festane kom folk langvegas frå. Det var også ei god inntektskjelde for laget. Dei pengane me tente, kom godt med til slikt som kjøp av fane, reise på stemne.



Torsheim. Foto: Olav Neste. Tilhøyrrer Valdresmusea

Frå oppstart om hausten var det lagskveldane, skodespel, revy, leikøving. Eg hugsar ikkje nokon dansefest før jul. Men 5. juledag arrangerte ungdomslaget fest på Torsheim, med kanskje premiere på spelstykke. Eller tale, Vangværing og ymse andre innslag frå medlemmane. Det var alltid mat, folkeviseleik og vanleg dans.

Det var også nærast årvisse stemne om sumaren. Eg hugsar best ungdomsstemnet det året den nye vegen oppover forbi Skøre vart teken i bruk. Uthuset til Torsheim vart flytta. Då var det bra at Basse kom med bulldosar og laga ny veg til Torsheim. Eg trur alle i Vang stilte på stemnedugnad, at det var fint vær, eller so hadde dette ungdomsstemnet slett ikkje vorte bra so bra som det vart.

Eg vonar du som les dette, vil tenkja over og fortelja om det du hugsar, kanskje skrive det ned, so det ikkje vert gløymd. Det er også fint og ikkje minst moro, for deg, for alle, om du hugsar morosame ting som har hendt på festane, eller på andre samkomer på Torsheim. Kanskje kan du ringe, eller skrive, so skal eg få det med. For om du og eg ikkje hugsar slikt, er det i alle fall borte. Det ville vera gale.

**Olav Wangensteen (innlegget er redigert)**

**Foto: Olav Neste og Nils Neste. Eier: Valdresmusea**

**Foto: Anine Rauken Kattvold**



Scenebakgrunnen på Torsheim. Foto: Anine Rauken Kattvold



Torsheim forsamlingshus. Foto: Nils Neste, eier: Valdresmusea

*Snart jul...*

**på biblioteket  
og frivilligsentralen**

Ein travel haust går mot slutten, i skrivande stund står vi midt i det med rekordmange faste aktivitetar gjennom veka, og publikum og lånarar som set pris på å kome tilbake til biblioteket etter ei lang og (relativt) stille periode. Vi har no ope som normalt for at du kan kome og tilbringe tid i biblioteket, og slå deg ned med aviser, spel og bøker som du ønskjer.

**Hautferieaktivitetar**




I haustferien koste både små og store seg med hand-arbeidsverkstad og aktivitetsdag med BUA-leiker. Masse fine ting vart lagd til salsutstillinga for TV-aksjonen, og på aktivitetsdagen fekk fleire lånarar lært seg kubb, disc-golf og mikado.

**TV-aksjonen**



Årets TV-aksjoninnsamling slo alle rekordar i Vang (i alle fall dei siste fem åra). Tusen takk til områdeleiarar, bøssebærarar, og til alle som ga!



**Aktive saman**

På frivilligsentralen er Inger Kongslie Tveit i gang med prosjektet Aktive saman. Ho er tilsett i 50 % stilling fram til sommaren 2022 og skal jobbe med å få ungar som av ulike grunnar står utanfor, til å bli med på fritidsaktivitetar. Dette er eit nasjonalt forskingsprosjekt, der Vang er ein av sju pilotar. Vi gler oss til å kome i gang og finne og hjelpe dei som kan trenge støtte for å delta i aktivitetane.

**Frivillige**

Daria, John og Juliana er nokre av dei som har hjulpet oss mykje i det siste, på ulike arrangement. Takk til alle som stiller opp og gjer ein innsats for andre! ❤️

**Opningstider i jula**

Frivilligsentralen held stengt 23.12 – 02.01.  
BUA held stengt 28.12 og 30.12.  
Biblioteket har desse opningstidene i jula:  
23.12 - 26.12: Stengt  
27.12 - 29.12: 10-14  
30.12 - 02.01: Stengt

**Helsing Marianne og Marte**

**Frivillighetens år**  
**2022**

**2022 er frivillighetens år!** Dette er ei nasjonal satsing for feire det viktigaste lagarbeidet i Norge. Alle lag, foreiningar, frivilligsentralar, kommunar og andre blir invitert med for å synleggjere og aktualisere frivilligheita og til å få fleire med. Året er forankra i regjeringa si Frivillighetsmelding, og det er Frivillighet Norge som har fått ansvaret for å planlegge og koordinere innsatsen. Kva ønskjer du å løfte fram her i Vang? På *frivillighetensar.no* finn du mange artige prosjekt og arrangement som vi kan ta del i, eller vi kan finne på noko heilt eige. Om du har idéar så vil Marte veldig gjerne høyre frå deg!

**Helsing Marte**

## BOKOMTALE

## Lysninger

av Sindre Skeie

Min første tanke då eg hadde lese boka var: Dette er ei bok eg vil skal prege meg. Eg vil lese den igjen, for her er teologi som eg vil skal vekse og trivast i mi presteneste.

Forfattere legg for dagen teologi som møter klimakrise og kvardagar i både makro- og mikroperspektiv. Store grunnleggjande problemstillingar om samfunnet me er ein del av, får komme fram i lyset på ein uventa enkel måte. Kapittel med overskrift «Rådhuset», «Fabrikken», «Veiene», «Kirken» løfter dei fram ein etter ein. Stoffet er solid fundert når ein les litteraturlista og ber preg av å være grundig gjennomarbeida over tid. Språket er på ingen måte prentensjøst, noko som styrker forfattere sine resonnement ytterlegare.

Sjølv veit eg ikkje sikkert kva eg tykkjer er best ved «Lysninger»; form eller innhald, men dette er sikkert: dei løfter kvarandre. Ikkje minst kapitlet om sannheit som konkluderer boka.

Det kan ta litt tid å venne seg til forma forfattere bruker for å kommunisere. Lyrikk, politiske analyser, teologi og skildring leikar med kvarandre, litt som framande barn som vert kjende med

kvarandre på ein leikeplass og leikar fint og godt saman heilt til nokon må dra og leiken er naturleg over. Forfattere snakkar til meg. Inviterer meg til å reflektere. Er eit tidsvitne. Ja, eg tenkte fleire gonger; ein profet.

Denne boka har eg ønska meg lenge, det er vanskeleg å stille seg på avstand, være kritisk, for – eg inviterte snart innhaldet i boka inn til meg, og det var eit godt besøk. Her er ord, og ikkje minst tenkemåtar, som på ein stillfarande og tydeleg måte ønsker å komme i kontakt med meg.

Kva handlar boka om? Den handlar om bestefaren (eg-personen) og barnebarnet som møter verda og kvardagane saman – på Ås, sør for Oslo. Dei er ein del i lag, har mange kvardagar saman, virkar det som. Eg tenker meg barnebarnet er i 12 årsalderen. Begge er opptekne av korleis det går med kloden vår og kva dei kan gjere for å redde verda. Dei to reflekterer ulikt, og særleg bestefaren vert inspirert av barnebarnet sin måte å møte den nokså mørke framtida på. Derav tittelen: Lysninger.

Forfattere viser eit betydeleg mot ved å ikkje pynte på samfunnsanalyser om kor hen det ber med kloden vår. Ingen som les «Lysninger» bør være i tvil om kva politikk som byggjer berekraftig framtid og kva politikk som ikkje gjer det. Ein kan også kjenne sorga forfat-


Sindre Skeie *Lysninger*



taren ber på over klimaendringane og konsekvensane av dei.

Som alle gode bøker har også denne fleire lag. Dette er ei bok som kan brukast, ikkje berre lesast og leggjast til side. Bibelhenvisningane fasinerte meg særleg – dei er litt uvande, ikkje dei som ofte vert valde når bibelen vert sitert. Her gjer forfattere det same som med dei store grunnleggjande problemstillingane; han let også dei komme fram i lyset på ein uventa enkel måte for å underbygge poenget sitt.

Ingebjørg Vik Laugaland



### Pensjonisttur til Hardanger 23.-25. mai 2022

Denne gangen ønsker turnemda i Vang pensjonistlag å gjennomføre en vårtur.

Fruktblomstring i vakre Hardanger høres vel herlig ut? Og det blir mange godbiter å ta med seg på reisen. Vi skal bl.a. innom fabrikkutsalget til Øyo AS på Geilo, vi skal til Baroniet Rosendal og Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, og til Hardanger Saft- og Siderfabrikk i Ulvik. Vi skal bo på Hotell Ullensvang i Lofthus.

Meld deg på innen 20. mars 2022 til:

Boye Thorpe 91817960 boye@thorpe.no  
Magnor Wigdel 90954543 magnor@wigdel.com  
Liv Jørstad 90558334 tjoerst@online.no



## Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Monter Kvismo	61 36 81 85
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Rogn Bil og landbruk	
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Elektrisk Installasjon AS,		Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Elektromontasje,		Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
EI-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Skiheiser	46 66 56 65
EI-Tjenester, Stein I. Sæternes:	99 55 18 17	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Filefjell Kjøpesenter,		Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
v/Arnfinn Hermundstad	61 36 77 17	Tyinlam	99 46 61 15
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Grindaheim Bygg &		Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	v/Jon Magnus Hjellevang	
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Kampenens Begravelsesbyrå	61 36 17 70		



*Slekters  
gang*

### Heensåsen sokn

#### Død:

26.10: Arne Torvald Gjevre

### Høre sokn

#### Død

30.10: Randi E. Veflen

### Vang sokn

#### Død:

09.11: Einar Reidar Bøe

## FRIST

FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE

**10. MARS**

## Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger 'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye  
Sokneråd

## Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre  
sokneråd

### Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søklarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

#### Søknad kan sendast til:

Torgeir Førs minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post:  
torgeirforsminne@yahoo.no

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

**Utgjevar:**  
Sokneråda i Vang

**Redaksjon:**  
Jovita Budvytiene, Ivar Helsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

**Redaktør:**  
Sidsel Offergaard Jevne  
vangmenighetsblad@gmail.com

**Rekneskap:**  
Kyrkjeleg fellesråd  
Kontonummer: 2146.30.04444

**Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonsen kr. 200,- pr. år**

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

*Redaksjonen  
takker hjertelig*

- for alle innbetalte bidrag til drift av Vang Menighetsblad. For å holde dagens fargerike standard på Menighetsbladet er vi avhengig av at flest mulig lesere er villige til å bidra økonomisk. Bladpenger er kr. 200,- Bankgiro vil følge påskeutgaven. Alt. bruk kontonummer: 2146.30.04444

**Riktig adresse:** Utenbygds abonnenter som har fått ny eller endret adresse må melde fra om det. Er det noen som ikke ønsker å motta Menighetsbladet, er det fint om du sender oss en e-post, så oppdaterer vi våre registre: vangmenighetsblad@gmail.com

**Takk for hjelpen!**

# Gudstenesteliste

**28. november – 1. søndag i adventstida**  
**Vang kyrkje kl. 11.00:** Lys Vaken-helg  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland, organist Budvytis og  
 Lys Vaken-gjengen. Kyrkjegraut og  
 juleverkstad på VBU etter messa

**5. desember – 2. søndag i adventstida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 19.00**  
 Lysmesse v/sokneprest Laugaland,  
 organist Budvytis og konfirmantane

**8. desember – onsdag**  
**Vang kyrkje kl. 10.30:** Morgonsong

**9. desember – torsdag**  
**Vangsheimen kl. 13.00:** Andakt

**10. desember – fredag**  
**Vang kyrkje kl. 19.00:**  
 Konsert. Vinjrock arrangerer

**13. desember – måndag**  
**Høre stavkyrkje kl. 19.00**  
 Vi syng og spelar jula inn

**16. desember – torsdag**  
**Vang kyrkje kl. 19.00**  
 Vi syng og spelar jula inn

**17. desember – fredag**  
**Vang kyrkje kl. 09.30**  
 Skulegudsteneste v/sokneprest Lauga-  
 land, organist Budvytis og 5. klasse.

**Vang kyrkje kl 19.00**  
 Konsert med Veronika og venner

**23. desember – Vesle julaftan**  
**Vangsheimen kl. 13.00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis

## 24. desember – Julaftan

- **Øye kyrkje kl. 12.00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland  
 og organist Budvytis

- **Høre stavkyrkje kl. 14.00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland  
 og organist Budvytis

- **Heensåsen kyrkje kl. 16.00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland  
 og organist Budvytis

**25. desember – 1. juledag**  
**Vang kyrkje kl. 12.00**  
 Høgtidsgudsteneste v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**31. desember - Nyårsaftan**  
**Vang kyrkje kl. 17.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**8. januar – laurdag**  
**Høre samfunnshus kl. 12.00**  
 Juletefest for alle frå alle sokna

**9. januar – 2. s. i openberringstida**  
**Øye kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**12. januar – onsdag**  
**Vang kyrkje kl 10.30:** Morgonsong

**13. januar – torsdag**  
**Vangsheimen kl. 13.00:** Andakt

**16. januar – 3. s. i openberringstida**  
**Vang kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis  
 Årsmøte kl. 12:00

**23. januar – 4. s. i openberringstida**  
**Høre stavkyrkje kl. 19.00**  
 Kveldsmesse «Rom for ro» v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**30. januar – 5. s. i openberringstida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**  
 Sanggudsteneste v/sokneprest Lauga-  
 land og organist Budvytis

**6. februar – Samefolkets dag**  
**Øye kyrkje kl. 19.00**  
 Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis

**23. februar – onsdag**  
**Vang kyrkje kl. 10.30:** Morgonsong

**24. februar – torsdag**  
**Vangsheimen kl. 13.00:** Andakt

**2. mars – Oskeonsdag**  
**Heensåsen kyrkje kl. 19.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**27. februar – Fastelavnssundag**  
**Vang kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**4. mars – fredag**  
**Høre stavkyrkje kl. 19:00**  
 Kvinnenes internasjonale bønnedag

**6. mars – 1. søndag i fastetida**  
**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**9. mars – onsdag**  
**Høre stavkyrkje kl. 19.00**  
 Fastegudsteneste «Rom for ro» v/sokne-  
 prest Laugaland og organist Budvytis

**13. mars – 2. søndag i fastetida**  
**Øye kyrkje kl 11.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis


**23. mars – onsdag**  
**Vang kyrkje kl. 10.30:** Morgonsong

**24. mars – torsdag**  
**Vangsheimen kl. 13.00:** Andakt

**27. mars – Maria bodskapsdag**  
**Vang kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis

**3. april – 4. sundag i fastetida**  
**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**  
 Konfirmantleir og gudsteneste med  
 nattverd v/sokneprest Laugaland og  
 organist Budvytis

**10. april - Palmesundag**  
**Haukåsen kl. 13.00**  
 Gudsteneste med nattverd v/sokneprest  
 Laugaland og organist Budvytis



**Valdres**  
**SPAREBANK**

- har betalt denne utsendinga av **VANG MENIGHETSBLAD**